**BRUKARRETTLEIING FOR ELEKTRONISK SKJEMA – SØKNAD OM STATSTILSKOT TIL POLITISKE PARTI** ........ **2**

GENERELLE OPPLYSNINGAR – LES DETTE FØRST ........ 2
KVEN KAN SØKJE/BRUKE DET ELEKTRONISKE SØKNADSSKJEMAET? ........ 3
STARTSIDE ........ 3
IDENTIFIKASJON AV SØKJAR ........ 4
GRUNNLAGSDATA FOR SØKNAD ........ 5
GRUNNLAGSDATA FOR SØKNAD - DU KAN BLI STOPPA PÅ DENNE SIDA!! ........ 6
FØREBELS UTREKNING AV TILSKOT ........ 7
PARTIOPPLYSNINGAR – ADRESSEINFORMASJON ........ 8
ADRESSEINFORMASJON TIL ANSVARLEG LEIAR/PARTILEIAR ........ 9
KONTROLL ........ 10
KONTROLL –RAUDE KRYSS ........ 11
KONTROLL – GRØN HAKE ........ 12
KVITTERING FOR INNSENDT SØKNAD ........ 13

# Brukarrettleiing for elektronisk skjema – søknad om statstilskot til politiske parti

For tilskotsordninga statstilskot til politiske parti er det laga eit elektronisk søknadsskjema. Dette skal brukast i staden for vanleg papirskjema.

For å kome fram til skjemaet må ein inn på fylkesmannen si heimeside, http://devskjema.fylkesmannen.no/more/wizard/wizard.jsp?wizardid=239

Fornyings- og administrasjonsdepartementet si informasjonsside om politiske parti:
Link: http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/Tema/Politiske_partier.html?id=1375

I tillegg er det laga ei informasjonsside som ligg på nettsida til FM Sogn og Fjordane. http://fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=41037

Her ligg det informasjon om tilskotsordninga, namn på kontaktpersonar og link til sjølve skjemaet. Etter å ha klikka på linken får ein opp første sida i skjemaet:

## *Generelle opplysningar – les dette først*

Dette er generelle opplysningar som bør lesast før ein startar med å registrere data i søknadsskjemaet.

Dette dokumentet forklarar korleis ein fyller ut søknadsskjemaet og ein tek for seg kvar enkelt side i søknadsskjemaet.

Det er leiar i partilaget, eller ein person i styret som fyller ut søknadsskjemaet.

Skjemaet er kort og det er berekna at det den som fyller ut skjemaet gjer det utan å stoppe og så halde fram t.d. dagen etter. Dersom den som fyller ut skjemaet av ein eller annan grunn må avslutte utfyllinga, så må ein starte på nytt frå side ein.

Det vert stilt spørsmål om namn på partilag, organisasjonsnummer til eige partilag, evt. til fylkesparti eller nasjonalt parti, kontonummer som evt. tilskot skal utbetalast til, namn på leiar i partiet, telefonnummer og e-postadresse.

Ein kan flytte seg mellom sidene ved å trykkje på knappane i venstre marg. Ein kan også flytte seg ved å trykke på knappen ”Neste side” og ”Førre side” nederst i skjemaet.

For å sende søknaden må ein innom sida Kontroll. Dersom ein får opp raude kryss må ein tilbake i skjemaet og svare på spørsmål som ikkje er utfylte. Foreta så ein ny kontroll og når alt er klart, så trykkjer ein ”Send inn”. Søknaden er no sendt. Du får ei kvittering på skjermen med eit referansenummer. Ta utskrift av sida og ta vare på den i tilfelle det vert spørsmål om søknaden i saksbehandlingstida.

Søknadane skal normalt vere ferdig saksbehandla av Fylkesmannen innan 1.april 2008.

## *Kven kan søkje/bruke det elektroniske søknadsskjemaet?*

Det er leiar i partiet, eller ein person ansvarleg person i styret for partiet som fyller ut søknadsskjemaet. For felleslister er det den ansvarlege person for lista som fyller ut søknaden.

## *Startside*




Fig 1

**Kommentarar til feltnamn**

På denne sida vel ein mellom bokmål og nynorsk. Etter det trykkjer ein på knappen ”Til skjemaet”

# *Identifikasjon av søkjar*




**Fig 2**

**Kommentarar til feltnamn**

| **Feltnamn** | **Merknad** |
|---|---|
| Fylke* | Vel fylke som partilaget høyrer heime i. Oslo er eit eige val i dette feltet. Feltet må utfyllast. |
| Kommune* | Vel kommune som partilaget høyrer heime i. Oslo er eit eige val også i dette feltet. Feltet må utfyllast. |
| Liste* | Vel aktuell liste/ partilag som det skal søkjast om tilskot for. Feltet må fyllast ut. |

Dersom du vel feil verdiar i eitt eller fleire felt – bruk knappen ”Tøm sida” og start på nytt.

Alle parti /lister som har stilt til val i kommunar og fylke skal vere med i skjemaet.
Ta kontakt med Fylkesmannen dersom du ikkje finn lista du skal søke om tilskot for.

Etter å ha valt rette verdiar i dei tre felta trykkjer ein knappen ”Neste side” nedst i skjemaet

## *Grunnlagsdata for søknad*



Fig 3

**Kommentarar til feltnamn**

Alle felta på denne sida er førehandsutfyllte og er ei informasjonsside til partileiar, eller den som søkjer på vegne av partilista. Den som søkjer kan ikkje endre på innhaldet i felta.

Legg merke til hjelpeteksten øvst på sida. Dersom ein har valt feil parti trykkjer ein knappen ”Tøm sida” og går attende til føregåande side der ein vel parti /liste.

| **Feltnamn** | **Merknad** |
|---|---|
| Tal stemmer | Feltet syner tal stemmer som partiet fekk ved valet 2007. Data er henta frå Statistisk sentralbyrå. |
| Tal mandat | Feltet syner tal mandat som partiet fekk i kommunestyre/bystyre /fylkesting ved valet 2007. Data er henta frå Statistisk sentralbyrå. |
| Relativ andel stemmer | Feltet syner prosent stemmer partiet/lista fekk ved valet 2007. Data er er utrekna frå data henta frå Statistisk sentralbyrå. |
| Partifinans status | Feltet syner om partiet har rapportert til SSB innan 1.7.2007 om inntektene som partiet /lista hadde i 2006. Sjå nettside http://www.partifinasiering.no |
| Type liste | Feltet syner om lista er eit registrert politisk parti, ei fellesliste av |

| | |
|---|---|
| | registrerte politiske parti, eller ei liste utan tilknyting til registrerte politiske parti. Meir om dette i Partilova. |
| Konklusjon | Feltet syner om partiet /lista har krav på støtte eller ikkje. Dette er ein førebels konklusjon som er trekt ut frå opplysningane i felta på denne sida. Saksbehandlar hjå Fylkesmannen fattar endeleg vedtak seinast ca 1. april 2008. |

## *Grunnlagsdata for søknad - du kan bli stoppa på denne sida!!*




Fig 4

**Kommentarar til feltnamn**
Legg merke til hjelpeteksten øvst på sida. Dersom ein har valt feil parti trykkjer ein knappen ”Tøm sida” og går attende til føregåande side der ein vel parti /liste.

Alle felta på denne sida er førehandsutfylte og er ei informasjonsside til partileiar, eller den som søkjer på vegne av partilista. Den som søkjer kan ikkje endre på innhaldet i felta.

I dette tilfellet, sjå fig 4, søkjer ein om statstilskot til ei liste /parti som ikkje er registret som politisk parti. Denne søknaden har difor ikkje rett på statstilskot, og søknaden vert stoppa her. Sjå hjelpeteksten nedst på sida.

Dersom meiner at dette ikkje er korrekt, kan du søkje på vanleg måte med brev eller e-post. Klikk på linken nedst på sida og ein finn informasjon og søknadsskjema i word-format.

## *Førebels utrekning av tilskot*



Fig 5

**Kommentarar til feltnamn**
Alle felta på denne sida er førehandsutfylte og er ei informasjonsside til den som fyller ut søknadsskjemaet (partileiar/ansvarleg person på vegne av partilista). Den som søkjer kan ikkje endre på innhaldet i felta.

Utrekning av tilskotet er førebels og endeleg vedtak vert fatta ca 1. april 2008.

## *Partiopplysningar – adresseinformasjon*




Fig 6

**Kommentarar til feltnamn**

På denne sida får ein spørsmål om adresseinformasjon til partiet /lista det vert søkt tilskot for.

| **Feltnamn** | **Merknad** |
|---|---|
| Org.nummer | Skriv inn organisasjonsnummer dersom partiet lista har det. Dersom ikkje hopp over spørsmålet |
| Org.nummer til morpartiet | Skriv inn organisasjonsnummer (finn det i Enhetsregistertet i Brønnøysund) til morpartiet. Det er til dømes fylkespartiet sitt organisasjonsnummer. Dersom ein søkjer for eit fylkesparti er morpartiet det nasjonale partiet.<br>Ein er ikkje nøydd til å fylle ut feltet. |
| Postadresse | Feltet må fyllast ut. Skriv inn postadressa |
| Postnr | Feltet må fyllast ut. Skriv inn postnummeret. |
| Poststad | Feltet må fyllast ut. Skriv inn poststaden |
| Telefon | Skriv inn telefonnummer til partileiar/kontaktperson for partiet/lista. |
| Kontonummer | Feltet må fyllast ut. Skriv inn kontonummer til partiet/lista |

## *Adresseinformasjon til ansvarleg leiar/partileiar*




Fig 7

**Kommentarar til feltnamn**

På denne sida får ein spørsmål om adresseinformasjon til ansvarleg leiar for partiet /lista som det vert søkt tilskot om. Alle felt med * må fyllast ut.

| **Feltnamn** | **Merknad** |
|---|---|
| For- og mellomnamn* | Skriv inn for og mellomnamn til partileiar /ansvarleg leiar for lista det søkt tilskot for. |
| Etternamn* | Sjølvforklarande. Etternamn til partileiar /ansvarleg leiar for lista det søkt tilskot for. |
| Postadresse* | Feltet må fyllast ut. Skriv inn postadressa |
| Postnr* | Feltet må fyllast ut. Skriv inn postnummeret. |
| Poststad* | Feltet må fyllast ut. Skriv inn poststaden |
| Telefon | Skriv inn telefonnummer til partileiar/kontaktperson for partiet/lista. Feltet treng ikkje fyllast ut |
| E-postadresse | Skriv inn e-postadresse som Fylkesmannen kan bruke for å få kontakt med partileiar /ansvarleg leiar for lista det vert søkt tilskot for.<br>Feltet treng ikkje fyllast ut |

## *Kontroll*



Fig 8

**Kommentarar til feltnamn**
Her må ein rulle og sjå gjennom heile sida og sjå etter dei raude kryssa, sjå fig 9.
Klikk på dei raude kryssa, eller på teksten rett etter dei raude kryssa og fyll ut nødvendige søknadsdata.

Gjenta denne operasjonen heilt til du får grøn hake oppe i skjemaet, sjå fig 10.
Skjemaet /søknaden er no klar til sending, trykk på knappen ”Send inn”, sjå fig 10.

# *Kontroll –raude kryss*




Fig 9

## *Kontroll – Grøn hake*



Fig 10

## *Kvittering for innsendt søknad*




Fig 11

**Kommentarar til feltnamn**
Dette er ei informasjonsside. Ein oppmodar om å ta vare på utskrift av sida då dette er ei kvittering på at ein har sendt ein elektronisk søknad om statstilskot til politiske parti.

12.10.2007 asa